
Fra: Aud Sølvi Fosse Drengenes <terjedre@online.no>
Sendt: onsdag 16. september 2020 12:25
Til: Postmottak Alver
Kopi: Merethe Tvedt
Emne: Merknad til reguleringsplan for Fv. 245 Fosse - Moldekleiv frå g.nr. 325 b.nr. 11

Til Alver kommune
5906 Frekhaug

Viser til brev datert 28.08.20 om reg.plan for FV. 245 Fosse – Moldekleiv.

Merknad:

Vi kan av ikkje sjå at det i planforslaget er tatt omsyn til framtidig tilkomst til del av g.nr 325 b.nr. 11 sin eigedom ved Fossesjøen.

Ved brev datert 02.01.2019 vart det varsla om offentleg ettersyn og høyring - reguleringsplan for Fv. 245 Fosse – Moldekleiv, med oppgradering av Fossekkrysset, og vi sende merknad til oppstartsvarsel frå g.nr 25 b.nr. 11 og 16 den 17.02.2017 til ConStrada AS.

Den 14.02.2019 sende vi merknad til reguleringsplanen frå g.nr. 25 b.nr. 11 og 16 i Meland kommune:

Del av gnr. 25 bnr. 11 ligg ved Fossesjøen, mellom fylkesvegen og sjøen. Plangrensa ser ut til å gå dels inn i denne eigedomen. Det er i dag opning i vegrekkverket og sti ned til b.nr. 11. Gnr. 25 bnr. 63, som er har adresseskilt ved fylkesvegen, er frådelt b. nr. 11 ved skyldskifte 21.06.1958.

Vedlagt fylgjer utsnitt av gardskart, som syner bnr. 11 ved Fossesjøen. Detaljreguleringa må ta omsyn til bnr. 11 sin eigedom ved Fossesjøen og sikra at eigedomen, og tilkomst til eigedomen vert ivareteken.

Gnr. 25 bnr. 11 og 16 er medeigar i gnr. 25 sitt fellesareal ved Fossesjøen. Fellesarealet til gardane må ivaretakast i reguleringsplanen.

Om grenselinjer for del av g. nr 25 b. nr. 11 og 16 og fellesarealet der bruka er medeigar er uklare, må det gjennomførast oppmålingsforretning som del av reguleringsprosessen.

Ber om å få bekrefta at merknaden er motteken.

Vi ynsker ei snarleg tilbakemelding på kva som er gjort for å ivareta tilkomst til g.nr. 325 b.nr. 11 sin eigedom ved Fossesjøen og korleis fellesarealet til bruka vert ivareteke.

Med helsing

Aud Sølvi Fosse Drengenes